

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand		14/1061

Saknr	Utval	Type	Dato
097/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014

## Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 - framlegg til høyring

### Vedlegg:

Kommunedelplan for oppvekst til handsaming i formannskapet 201014 (L)(8056)

Handlingsplan oppvekst 30.09.14 (8054)

Ungdomsskulesørsmålet (8055)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og § 11-14 vert kommunedelplan for oppvekst send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Føremålet med dette planarbeidet er å klargjera dagens status for tenestene i Masfjorden kommune, sjå på kva slags utfordringar kommunen står over for, og seia noko om kva slags strategiar, mål og tiltak kommunen bør velja for komande år. Planen skal syta for at tenestene er førebudde og har kunnskap til å møta framtidige utfordringar når det gjeld behov, oppgåver og organisering.

#### Fakta

I utarbeiding av kommunedelplan for oppvekst har det vore lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetjing og brukarmedverknad. Arbeidet med planen har vore organisert med formannskapet som styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe og ei ressursgruppe samansett av medlemmer frå ulike fagområde, brukargrupper og tillitsvalde.

### Konklusjon

Kommunedelplan for oppvekst vert send ut på høyring i medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og § 11-14. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.

## **Formannskapet - 097/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

### **Innspel frå KrF til Kommunedelplan for oppvekst 2014-26:**

Under punkt 2 i handlingsplanen: Masfjorden kommune har gode, trygge læringsmiljø med høg trivsel

**Ansvar:** Rådmann, rektorar, styrarar, kontaktlærarar, helsesøster og leiararar.

Under punkt 5 i handlingsplanen under tiltak:

Denne setningen : «**Elevane skal vera symjedyktig etter 4. årstrinn**» erstattar den som står: Sikra at alle som går ut av grunnskulen kan symja, jmf. læreplanen

Inn som ekstra setning i 3 avsnitt(For ungdom i Masfjorden er oppvekstmiljøa....) etter 3. setning:

Viser til Grundercamp for 9. klasse hausten 2013 der ei gruppa skulle jobba med skulestruktur.

Denne gruppa la fram sitt arbeid og konkluderte med at dei ønskte å gå på tre ungdomsskular og heller koma meir i lag på tvers av ungdomsskulane.

Under PPT, utfordringar (side 10) inn som nytt 2. avsnitt:

Utfordringa har ikkje vore oppstart av saker innan fristen på 4 veker, men for ein del saker å klara å få behandla dei innan rimeleg tid.

Etter skyss sine ruter stemmer ikkje reisetida for elevar frå Matre skule slik det er framlagt i planen, me ber difor at administrasjonen sjekkar ut reisetidene slik at grunnlaget som står i planen er rett før han vert sendt ut på høyring.

KrF meiner at 55 min er for lang reisetid for ungdomsskuleelevar i Masfjorden.

Med tanke på folketalsauke som er Masfjorden sitt viktigaste mål, meiner KrF at det er viktig å oppretthalda noverande skulestruktur.

### **Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet:**

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og § 11-14 vert kommunedelplan for oppvekst send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.

Følgjane endringar i planen:

### **Handlingsplan:**

Masfjorden kommune har gode, trygge læringsmiljø med høg trivsel:

Nytt punkt:

**Ansvar: Rådmann, rektorar, styrarar, kontaktlærarar, helsesøster og leiararar.**

Skulestruktur og leiarressursar:

Nytt punkt:

**Bakgrunn: Skulestrukturen skal vurderast. Reisetida vil verta vektlagt.**

### **Plandokumentet:**

Under PPT, utfordringar (side 10) inn som nytt 2. avsnitt:

**Utfordringa har ikkje vore oppstart av saker innan fristen på 4 veker, men for ein del saker å klara å få behandla dei innan rimeleg tid.**

**FS - vedtak:**

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og § 11-14 vert kommunedelplan for oppvekst send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.

Følgjane endringar i planen:

**Handlingsplan:**

Masfjorden kommune har gode, trygge læringsmiljø med høg trivsel:

Nytt punkt:

**Ansvar: Rådmann, rektorar, styrarar, kontaktlærarar, helsesøster og leiararar.**

Skulestruktur og leiarressursar:

Nytt punkt:

**Bakgrunn: Skulestrukturen skal vurderast. Reisetida vil verta veklagt.**

**Plandokumentet:**

Under PPT, utfordringar (side 10) inn som nytt 2. avsnitt:

**Utfordringa har ikkje vore oppstart av saker innan fristen på 4 veker, men for ein del saker å klara å få behandla dei innan rimeleg tid.**